



Ein flott trekløver som gjorde ein flott innsats! F. v.: Kari Bråtun, Kathrine Yri Røssland og Ingebjørg Haugland (Foto: Silje Bråtun)

Kvinnheradsmeisterskapen i langrennsstafett vart arrangert i Fjellhaugen sist søndag. Av løparane frå Uskedalen imponerte jentelaget i klassen 9 -12 år aller mest. Laget var samansett av Katrine Y. Røssland, Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland. Dei gjekk alle drivande godt på sine etappar og gjekk inn til eit suverent meisterskap.

Stafetten bestod av tre etappar som kvar var 1,3 km i denne klassen. Første etappe gjekk i klassisk stil medan dei to siste gjekk i fristil.

Uskdalslaget fekk ein svært god start. Katrine gjekk ein flott klassisk etappe og kom inn til veksling mest eitt og eit halvt minutt føre lag nummer to Rosendal. Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland fulgte opp med gode fristilsetappar og distanserte dei gode rosendalsjentene ytterlegare. Det var aldri nokon tvil om kor sigeren skulle hamna, og dei opplevde nok den reinaste triumfferda gjennom etappane sine.

Uskedalsjenta Maren H. Bjørnebøle gjekk ankeretappen på laget til Omvikdal il. som kom på bronseplass i same klasse.

Uskedal il. stilte og lag i herreklassen. Laget, som var samansett av Bjarne Lilleås, Pål Haugland og Tormod Myklebust, kom på ein femteplass. Denne klassen vart som venta vunnen av Omvikdalen il. med uskedelingen Stig Berge-Soldal som ankermann. Også på vinnarlaget i dameklassen var det ein uskedeling på ankeretappen. Det var Cathrine Haugland som var utlånt til Rosendal, då Uskedalen ikkje stilte med eige lag.

Sjølv om det ikkje var så mange uskedelingslag på startlistene, kan vi trygt sei at dei absolutt var med og prega meisterskapen. Ekstra kjekt er det at dei yngste deltakarane frå laget hevda seg aller best. Det gjev gode framtidsvoner.

Resultata finn de [her](#)

Av Thor Inge Døssland



Maren Bjørnebøle var ei av dei mange som var med, og gjorde ein flott innsats (Foto: Silje Bråtun)